

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2. ~~Transport av høy.~~

Fylke: Buskerud.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Gol.

Emne: Transport av høy.

Bygdelag: Öygardane.

Oppskr. av: H. J. Bakken.

Gard: Bakken.

(adresse): Gol.

G.nr. 29 Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eigen røynsle og noko etter far: Bonde Johs Bakken, födt i Gol 1857.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Vintertransport.

Frå gamalt har på større gardar vore brukt hest til höyköyring frå stölane, slåttemyrar i fjellet og andre utslåtter langt burte. På mindre bruk vart bruka skikjelke. Dette kunde ein av og til sjå til for ca 40 år sidan.

Av skikjelkar hadde dei ofte to, ein med jernstenger under (jödinstengjing) til bruk i mildvar, og ein som berre hadde tremeiane til bruk i kaldare ver. Men det vanlegaste i siste mannsalderen har vore at småbrukarar utan hest har gjort arbeidsbyte med dei som hadde hest og fått kjørt heim höyet frå fjellet. Gjennom dei siste 30 åra er det vorte nesten heilt slutt med myrslått i fjellet og annan utslått, både på store og små bruk.

2. Transport til stakk og "lu" (löe)

Til dette vart mest alltid i utslåttene bruka "sveg" (eit) Dette vart laga av ei lang, seig ungbjörk. Det vart laga ei lykkje i toppenden, og det vart laga so godt at det gjerne heldt heile sommaren igjennom. Til vanleg vart höyet turka der det vart slege, og bore fram turt. Til å snöra ei bör var det helst to. Hjelparen stod bak böra, tok opp tjukkenden på sveget som bæraren so drog gjennom lykkja mens hjelparen heldt atti denne. Hjelparen, som stod bak böra, hjelpte so til å lyfte denne på aksla til

han som skulde bera.

Høybering er sjölv sagt mannfolkarbeid, men kvinfolk, - rakstødeia - var gjerne med å snöra og lyfte på böra.

Boring i sveg er framleis ibruk mange stader der dei ikkje har hest. Barn i skulealderen og oppover gjer og sin nytte i høyinga.

Löypestreng, sloe eller liknande kjenner ein ikkje til har vore i bruk her.

3.

Som nemnt under 1. har høyet frå stölar og utslätter vorte frakta heim på vinterføre.

4. Köyredningar i höyonna.

For ca 50 år sidan kom dei første 4hjuls höyvogner ibruk. Slike som no er vanlege overalt, på Austlandet iallfall.

För den tid, og some stader enno, brukast "kjerre-slee" (ein). Dette er ei tohjuls kjerre, med karn av 3 langsgåande treremmer og som oftast 4 tverrstykker.

Det er bogar på siderne for å ta av for hjula, og "karr" (ein) framme og bak. I framkarren er hempe for höystanga.

Dei langsgåande ytterremmene går so langt fram at dei utgjer draget for hesten.

På meir brattlendte og ulendte stader har det vorte bruka trestengd "sommarslee" (ein) Det er vanleg slede utan jernstenger under. "Sommarslee" til skilnad frå "~~xxxxxxx~~ vettreslee" som har jernskodde meier og er ca 2½ m. lang, medan sleden dei brukar om sommaren er ca ein halv m. stuttare.

Det har ikkje vorte bruka grinder korkje til kjerresleen eller sommarsleen. Det gjekk 4 til 5 börer på eit sommarlass, 3 til 4 sommarlass i eit "vettrellass".

Til snöring - av baa slags lass - vart altso bruka höystang. Denne vart festa i ei hempe i "framkarren" og med eit taug snört nedover mot "bakkarren". Dette tauget kallast "karrbende" (eit).

Til vettrellass vart forutan höystang bruka 4 "omlag" (eit) på kvar side av lasset. For 30 - 40 år sidan kom grindar ibruk istadenfor omlag.

Omlaga - omlögji ^{le} var som sveget laga av lang, seig ungbjörk med ei lykkje i toppenden. Rotenden vart festa på sida av framkarren (etter at höystanga var snörd), og so dregne saman bak på lasset, enten med ein lang ledig ende av karrbende eller med eit serskildt taug. Det vart gjerne lagt ekstra höydotter under omlaga på bakre kanten av lasset for å få fin form på dette. Det var nemleg mykje om å gjera å lesse fine lass. Det var nesten kapping om det.

Etter "omlögji" var lagd på vart det sett ei snöring rundt lasset på midten med "mereipet" (eit).

5. Fellesslått.

Er ikkje kjend med nokon annan form for fellesslått her enn at eigaren ofte sette burt slått "til lutars". D.v.s. at eigaren og han som slo stykket eller seteren delte høyet likt. Det vart då gjerne ordna slik at dei köyrde heim høyet på same tid, og leste so likt store lass som mogeleg. Dette er av og til bruka enno, men det må vera god slått dersom eigaren nå skal få so mykje som halvparten.

6. Meir om vinterköyring.

Til for 70 - 80 år sidan var det mange stader - med lang veg over vidda - at dei hadde "lunningsluer" (dei) nede i skoggrensa. Dit "lunna" dei då høyet so snart det vart høvelegt före på fjellet - eller på "åsen" som me segjer her -. Derfrå köyrde dei so seinare når det vart stor nokk snö på dei ofte kranglutte vegarne ned lia.

Etter det vart arbeidt gode sætervegar vart det slutt med dette. "Åsköyringa" vart då oftast teke so kring jul, dersom ver og före var laglegt. Var det kome stor snö vart det helst avtala, millom dei som hadde same vegleia, kva tid dei skulde bröyte opp vegen.

Ein dag i åsköyringa var omlag slik:

Ut å fora hesten so ved 8x $\frac{1}{2}$ - 3 tida om morgoen, med reise heimanfrå ved 4 tida. Regelen var at dei skulde vera komne fram til stölen til i grålysinga, so dei kunde koma igang med lessinga för det var heilt ljost. Var det 25 kuldegrader med sterk sno eller snödrev var det ingen lysttur over vidda.

Framkomen til stölen var det först å binda hesten i luveggen, fora og leggje godt over han. Var det kome snö sidan förre venda, eller det hadde föyka, vart det so ein jobb med snömåking for å få "lessarplassen" rein. So byrja lessinga, som gjekk före seg som nemnt om "vettrelass" under post 4.

Ferdig med lessinga - som tok kring 2 timar - vart det gjerne 5 minnutters kvild inne i löa, med ei niste som ofte var hardfrosen. Då thermosflaska kom ibruk vart denne matstunda litt meir å hyggje seg til.

So var det iveg att med lasset, som kunde vera frå 350 til 500 kg. etter som föret var til. Var det dårleg veg gjekk ein helst på ski ved sida av lasset for å stø dette. Det var nemleg ikkje berre spøk om ein var so uheldig å velte eit slikt lass.

Ved 3-4 tida e.m. var dei fleste komne heim. Etter å ha fått mat, som nokk smakte etter turen, var det ut att for å avlessa lasset, ordna köyregreiene ferdig til neste morgon og ofte var det å hogge kveldsveden etterpå.

Dei siste 10 - 15 åra har det vorte lettvindare med höyköyringa frå sæteren. Ein kan vel rekna at det no er over halvparten av bödene som tek heim høyet med lastebil om hausten. For dei som enno köyrer med hest går dette for seg omlag på same måten som för. Men dei reiser no til vanleg ikkje heimanfrå för ved 6 - 7 tida, og tek seg gjerne tid til å setja hesten på stallen og inn å koka kaffi på sæteren.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

edr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

782